

Vannregion Hordaland
 Hordaland Fylkeskommune
 Postboks 7900
 5020 Bergen

Voss Energi AS
 Pb 205, 5702 Voss Energi
 T 56 52 83 00
 F 56 52 83 20
 firmapost@vossenergi.no
 www.vossenergi.no

NO 984 665 776

DYKKAR REF.

VÅR REF.

DATO

200800180-26

29.12.14

FRÅSEGN TIL UTKAST TIL REGIONAL PLAN FOR VASSREGION HORDALAND

Vi syner til utkast til vassforvaltningsplan for vassregionen som vart sendt på offentleg høyring 1. juli 2014 med frist for innspel 31. desember. Voss Energi sine høyringsinnspel er gjeve under:

- Formålet med vassforskrifta er å sikre heilskapleg beskyttelse og bærekraftig bruk av vassførekomstane. Vi kan ikkje sjå at utkast til plan reflekterer dette, men legg einsidig vekt på lokalt vassmiljø. Etter vårt syn har ikkje det heilskaplege perspektiv på klima- og miljøutfordringar saman med forsyningssikkerhet, flomdemping og bærekraftig verdiskaping kome fram på ein tilfredstilande måte.
- Politiske ynskje om å optimalisere eksisterande vasskraftproduksjon synes ikkje reflektert i planforslaget. Konsekvensane knytt til potensielt redusert produksjonstap er vesentleg i nasjonal samanheng.
- Klimautfordringane er vår tids viktigaste utfordring, ei utfordring som stadig synes å koma i skuggen av deler av vassforvaltninga sitt fokus. Kraftprodusentane meiner å ha eit legitimt ansvar for å bidra til meir fornybar produksjon. All fornybar produksjon medfører potensielle negative ulemper. Med bakgrunn i dette er Voss Energi bekymra for at det vert fastsett konkrete miljømål på sviktende kunnskapsgrunnlag, slik at intensjonen i vassdirektivets og vassforskrifta sitt overordna mål om bærekraftig bruk av vassressursane ikkje vert ivaretake.
- Voss Energi er bekymra for at lokale kraftprodusentar vert pålagt tiltak som reduserer vasskraftproduksjonen nemneverdig utan at det vert gjennomført konkrete kost/nytte-analyser i høve dagens krav og praksis ihht regelverket og dei nasjonale føringane. En kost-/nyttevurdering i samsvar med vassforskrifta og dei nasjonale føringane føreset for det fyrste at ein har naudsynt kunnskap om så vel positive miljøverknader som negative konsekvensar av tiltaket, herunder negative konsekvensar for vasskraft. For det andre må ein etter ei konkret vurdering av desse tilhøva koma fram til at fordelane overstig ulempene (positiv kost/nytte).
- Energiprodusentane har mange eksisterande pålegg og mykje godt samarbeid med lokal forvaltning (både privat og offentleg) i samband med råka vassdrag. Dette gjeld overvaking av tilstand og iverksetjing av tiltak ved behov. Eksempel på dette kan vera forvaltning av fisk i fjellet og naudsynte tiltak for å auka produksjon av anadrom laks. Ein kan tidvis lesa framlegget som om dei ulike

forvaltningsinteressene per i dag arbeider på kvar sin kant. Voss Energi ynskjer å presisere at det eksisterer mykje godt samarbeid lokalt og regionalt om felles forvaltning. Dette bør vera utgangspunktet for vidare optimalisering av miljøtiltak i råka vassdrag.

- Kunnskapsgrunnlaget kring treffsikre tiltak som vekkjer tillit både hjå kraftprodusentar og vassforvaltninga synes uklart per i dag. Voss Energi opplever stadig ei mistillit mellom interesser i den offentlege vassforvaltninga og kraftprodusentane. Manglande kunnskapsgrunnlag medfører ofte tvil kring verknader som igjen medfører at vassforvaltninga stadig oftare vinn fram med sine synspunkt under føre var prinsippet. Det hadde vore ynskjeleg at det frå nasjonalt hald vart satsa meir på kunnskapsgrunnlaget som skal liggje til grunn for mange vanskelege avgjerder i tida som kjem.

Vi ser frem til å fylgja den vidare prosessen og vonar den endelege vassplanene vert basert på faglege vurderingar som legg til rette for betre vassmiljø utan at det går ut over bærekraftig bruk. Å oppnå klimamålsetjingane står heilt sentralt i dette.

Med helsing
VOSS ENERGI AS

Rune Nesheim
adm. Direktør



Yngve Tranøy
prosjekt- og utviklingssjef